

PROGRAM FOR ODDA-KONFERANSEN 2026

LAURDAG 10. OKTOBER KL.11:00 - 17:00

Innsjekk og enkel frukostservering på LO-huset i Odda frå kl.10:00 før programmet startar kl. 11:00 i Ullensvang rådhus.

Bolk 1: Konsekvensane av statsbudsjettet for kommuneøkonomien, velferden og for fagrørsla.

Innleiarar:

- Hanne Stenvaag (stortingsrepresentant og leiar for kommunal- og forvaltningskomiteen)
- Ørjan Myrmel (fylkesleiar i Fagforbundet Vestland)

Bolk 2: Status og vegen vidare i kampen om premieavviket.

Innleiar: Torstein Dahle (leiar i Raudt Hordaland, bystyrerepresentant i Bergen kommune)

Bolk 3: Vidareutvikling av kommuneopprøret hausten 2026 - Raudt og Raud Ungdom si rolle lokalt, på fylkesplan og sentralt.

Innleiarar:

- Jeanette Syversen (gruppeleiar Raudt Vestland og leiar i Raudt sitt folkevalgtutval)
- Per Arne Flatberg (regionssekretær i Raudt Hordaland)
- Alexandra Joy Øhrn Fredwell og Frida Graneng (leiar og nestleiar/ fagleg ansvarleg i Raud Ungdom)

Etter innleiingane i kvar bolk vil det bli høve til spørsmål og debatt.

Panelsamtale med ordstyrar Terje Kollbotn:

Tema:

- Korleis fremja og få gjennomslag for Raudt sin politikk i folkevalde organ?
- Kva forventningar og krav har vi for eit raudare og grønare statsbudsjett i 2027?
- Korleis styrke det fagleg-politiske samarbeidet og utvikle fleire samarbeidsavtalar mellom Raudt og fagrørsla?

FESTMIDDAG I “DEN RAUDE SAL” KL.19:00

Middag på Sentralbadet Litteraturhus med kulturelle innslag, festtalar, allsong og sosialt samvær.

SUNDAG 11.OKTOBER KL.10:00 - 15:00

Enkel frukostservering på LO-huset i Odda frå kl.09:00 før programmet startar kl.10:00 i Ullensvang rådhus.

Bolk1: Korleis utvikle lokale og fylkesvise valprogram for 2027 med spesielt fokus på energi-, miljø- og klimapolitikk og arealforvaltning.

Innleiarar:

- Mailiss Solheim Åkerblom (leiar i miljø- og næringspolitisk utval og gruppeleiar for bystyret i Bergen kommune).
Tema: *Konkrete forslag til Raudt sitt programarbeid.*
- Julia Hovda (geolog og masterstudent i klima- og miljøforvaltning).
Tema: *Klimabudsjett og klimarekneskap i kommunane.*
- Sigrid Hoddevik Losnegård (leiar i Natur og Ungdom).
Tema: *Kva meiner Natur og Ungdom må inn i lokale valprogram?*

Bolk 2: Ny energipolitikk og nytt rammeverk som tar omsyn til natur og klima: Ny energilov, energieffektivisering, effektkøyring og balansekraft.

Innleiar: Terje Kollbotn (stortingsrepresentant og medlem av miljø- og energikomiteen).

Bolk 3: Folgefonna – eit lokalt døme på verknadane av dei globale klimaendringane.

Innleiar: Jostein Bakke (klimaforskar ved Universitetet i Bergen).

Etter innleiingane i kvar bolk vil det bli høve til spørsmål og debatt.

Panelsamtale med ordstyrar Naomi Wessel

Deltakarar: Sigrid Hoddevik Losnegård, Jostein Bakke, Julia Hovda, Terje Kollbotn.

Arrangør: Raudt Ullensvang og Raudt Hordaland.

Odda-konferansen 2026 er leia av Lisa Karine Haugland (lokallagsleiar Raudt Ullensvang) og Terje Kollbotn.